



Thomas Tuft
Steinestøvegen 242
5111 BREISTEIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2128 - 19/32557

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.11.2019

Tidspunkt for møte i sak 19/2128 og 19/2431 - gbnr 65/18 Myksvoll nedre

Vi viser til din førespurnad av 25.10.2019 der du ber om møte i sak 19/2128 som gjeld riving av eksisterande bustad og oppføring av ny på gbnr 65/18 og sak 19/2431 som gjeld arealoverføring frå gbnr 65/6 til gbnr 65/18. Du ber også om utsett klagefrist i sakene og forlenga frist for å trekka rammesøknaden for riving og oppattføring av ny bustad til eventuelt møte er halde.

Vi viser også til melding datert 31.10.2019 der du trekker søknaden om rammeløyve.

Vi har satt av tid til møte 20.11.2019 kl 14.00 på rådhuset.

Ver venleg å gje melding dersom tidspunktet ikkje passar.

Førespurnad om utsett klagefrist og frist for å trekka rammesøknaden.

Vi vurderer førespurnaden din som ein førebels klage. Frist for innsending av endeleg klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av bustad på gbnr 65/18 datert 15.10.2019 og avvist søknad om arealoverføring frå gbnr 65/6 datert 14.10.2019 vert sett til 22.11.2019. Dersom vi ikkje høyrer noko innan fristen vert sakene avslutta.

Ny frist for å trekka søknaden om rammeløyve vert sett til same dato.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Thomas Tuft

Steinestøvegen 242 5111

BREISTEIN

Mottakarar:

Thomas Tuft

Steinestøvegen 242 5111

BREISTEIN